



Elin Hauge
Stranda 882
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1535 - 16/14359

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 10/53 Rødland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.05.2016.

Søknaden gjelder oppføring av vinterhage på eksisterande terrasse.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittering for nabovarsel er ikkje lagt ved. Opplysningar for nabovarsel er signert 04.05.2016 og søknaden er innkomen 06.05.2016. Fristen for merknader til nabovarselet var ikkje gått ut når søknaden blei sendt inn 06.05.2016. Det er ukjent kva naboar som er varsla og om dei er gitt 14-dagers frist for merknad etter at varselet er motteke.
2. Innsendt situasjonsplan må oppdaterast. Den må påførast ytre hovudmål, herunder avstand til nabogrense, veg og byggegrense.
3. Teikningar må vise ytre hovudmål på tilbygget. Teikningane må vise tilkomst til vinterhagen frå bustad.
4. Det må opplysast om utnyttingsgrad av eigedomen, samt BYA, BRA av vinterhagen og samla BRA.

BYA er bygd areal i m² eller i % av tomtearealet. Det vil seia «fotavtrykket» av bygningar og av (delar av) terrassar som er meir enn 0,5 meter over bakken.

BRA er bruksareal er arealet av bygningar innafor ytterveggane i alle etasjar.

Eigedomen er i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 definert som LNF med spreidt bustadsbygging, pkt. 5.15 jf. pkt. 5.14. I følgje bestemmelsen så skal «Bygd areal (BYA) ikkje overstige 20%. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400m².»



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 17.06.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Elin Hauge

Stranda 882

5993

OSTEREIDET